



ÅRSMELDING

# 2012

TRYGDERETTEN

# TRYGDERETTENS VERDIAR

Trygderetten arbeider etter fem sentrale verdier.

**R**ettstryggleik

**E**ffektivitet

**I**nformasjon

**S**amhandling

**E**valuering

Forbokstavane på desse fem verdiane – **REISE** – skal gje eit bilete av Trygderetten som ein organisasjon i utvikling. Vi ser etter forbetringar, og endrar oss i takt med brukarane og samfunnet sitt behov.

Nokre ord om kvar enkelt verdi:

- **Rettstryggleik**

Dette er kjerneverdien i Trygderetten, og årsaka til at institusjonen blei oppretta i 1967. Sjølvstende, rette avgjerder og tilstrekkeleg grunngjeving står sentralt i denne samanhengen.

- **Effektivitet**

I dette ligg at sakene må avgjerast innan rimeleg tid. Dette er også ein viktig del av rettstryggleiken. Vidare vil vi innrette verksemda og utføre arbeidet vårt på ein kostnadseffektiv måte.

- **Informasjon**

Trygderetten vil gjera verksemda og avgjerdene kjende for partane og ålmenta på ein god måte. Denne verdien stiller også krav til oss om tilgjenge og service andsynes publikum.

- **Samhandling**

Dette er vår interne verdi som bør prege arbeidsforma vår. Vi vil utvikle ein kultur basert på at alle arbeider for å nå Trygderettens mål, samt å dele på erfaringar og kunnskap for å nå desse. Av denne verdien utleier vi våre mål knytt til arbeidsmiljø, personal-, kompetanse-, organisasjon- og IT- utvikling.

- **Evaluering**

Vi skal ettersjå og lære av eigen praksis og vurdere eiga verksemd med sikte på forbetring.

# INNHALD

<b>1. Leiaren si melding for 2012</b> .....	4
<b>2. Organisasjon</b> .....	6
<b>3. Formål og hovudprioriteringar</b> .....	7
<b>4. Saksutvikling i 2012</b> .....	8
4.1 Mottatte og behandla saker .....	8
4.2 Oversikt over sakstypar i 2012 .....	10
4.3 Avgjorde saker fordelt på fullt grunngjevne orskurdar og orskurdar med forenkla grunngjeving .....	11
4.4 Resultat av ankebehandlinga .....	12
<b>5. Måloppnåing i 2012</b> .....	13
5.1 Kvalitetsmål.....	13
5.2 Produksjonsmål .....	14
5.3 Helse-, miljø- og sikkerheit og personalpolitikk elles.....	15
5.4 Informasjon .....	15
<b>6. Likestilling</b> .....	16
<b>7. Blikk på saksbunken</b> .....	17
<b>8. Perspektivet framover</b> .....	24
<b>9. Økonomi/rekneskap</b> .....	25

## 1. Leiaren si melding for 2012

Frå byrjinga av 2000-talet og fram til 2009 sank saksinngangen til Trygderetten ganske drastisk. Det var i hovudsak som fylgje av tre forhold: Innføring av intern klageordning i NAV for alle sakstypar, innføringa av tidsavgrensa uførestønad, samt ei viss opphoping i NAV i kjølvatnet av etableringa.


Saksinngangen i 2009 utgjorde om lag 40 % av kva den var i toppåra 2001 og 2003, men har etter kvart auka igjen. I 2010 steig den med om lag 300 saker og i 2011 med ytterlegare 100. I 2012 sank saksinngangen igjen, med 170 saker samanlikna med 2011.



Trygderettens leiar  
Knut Brofoss

Bak desse tala skjuler det seg ei ganske spesiell utvikling: Så godt som heile reduksjonen i saksinngangen er knytt til uføreområdet. Desse sakene er redusert med meir enn 90 % sidan tidleg 2000-tal. Utviklinga er illustrert i figuren nedanfor.

Saksinngang - totalt og for uføreytingar



Med unntak av ein periode rundt 2009, då innkøyringsproblem knytt til NAV-reforma manifesterte seg i Trygderetten, har talet på andre saker enn uføresaker vore relativt stabilt. Dei siste åra har vist ein svakt stigande tendens, også i 2012. For uføresakene sitt vedkomande skjedde det ein vesentleg reduksjon i inngangen frå 2003 til 2005. Dette skuldast truleg at det i denne perioden blei innført ei toinstansbehandling av (også) desse sakene i NAV, i nokon grad også innføringa av ordninga med tidsavgrensa uførestønad.

Det var også naturleg at talet på uføresaker ville gå ned med innkøyringsproblema i NAV, sjølv om nedgangen var atskilleg kraftigare enn for andre sakstypar.

Det er likevel verdt å merka seg at talet på uføresaker er redusert med nesten 60 % sidan 2009, då den samla saksinngangen var på sitt lågaste. Andre saker på si side, har vokse med om lag ein tredjedel i den same perioden. Det mest påfallande er likevel utviklinga frå 2011 til 2012 (sjå figuren side 4). Medan talet på andre saker enn uføresaker visar ei svak auke, blir talet på uføresaker bortimot halvert. Trygderetten sit ikkje med opplysningar som kan forklare den endringa i sakssamansetjinga vi har sett, men må nøye seg med å registrere den. Den kan likevel tenkjast å ha ein del konsekvensar for Trygderetten, også for personalsamansetjinga.

Ei sakstype som derimot viste ei monaleg auke i 2012, var saker om dagpengar under permittering. I løpet av dei siste 25 åra har Trygderetten behandla om lag 130 saker om dette spørsmålet. Heile 80 av desse kom inn i 2012. Det kan sjå ut som at det er oppstått ei viss uvisse, og usemje omkring praksisen til NAV. Ein meir einskapleg praksis vil truleg dempe inngangen av denne sakstypa igjen.

Trygderetten avgjorde 2753 saker i 2012. Dette er om lag 190 fleire saker enn i 2011. Restansane sank med 184 saker, og Trygderetten gjekk såleis inn i 2013 med 762 ubehandla saker. Saksbehandlingstida var i snitt 4,1 månader i 2012. Dette er 0,3 månader meir enn i 2011, men 0,3 månader mindre enn i 2009.


I 2012 blei om lag 24 % av dei overprøvde vedtaka endra i favør av den ankande part. Endrings- ("gunst-") delen har over tid halde seg ganske stabil.

Trygderetten har også i 2012 vore opptatt av å betre kvaliteten på eige arbeid, særleg med sikte på å koordinere eigen praksis. Det blei avsagt to orskurdar der retten var sett med fem medlemmer, der baa enda med stadfesting av ankemotparten sitt vedtak. Den eine, ankesak nummer 11/1100, gjaldt om etteroppgjør som fylgje av at inntektsgrensa for ein AFP-pensjon var overskride, kunne skje i form av trekk i framtidige ytingar. Den andre, ankesak nummer 11/2181, gjaldt spørsmålet om levealdersjusteringa i det nye pensjonssystemet var i strid med Grunnlova § 97. Sjå nærare på desse sakene i kapittel 7.

Trygderetten har også dette året vore ein svært stabil arbeidsplass. To av våre fagkunnige dommarar gjekk av med pensjon i 2012; medisinsk kunnig rettsmedlem Arne Eikås, og attføringskunnig rettsmedlem Leif Gunnar Bjerke. Elles har det, som vanleg, vore ein del utskiftingar i rettsfullmektiggruppa.

## 2. Organisasjon

Medarbeidarar pr. 1. mars 2013



Ny organisasjon med inndeling i avdelingar blei etablert pr. 1. september 1997, og bygde på ein stillingsplan på 63 årsverk. Organisasjonsplanen blei gradvis gjennomført i løpet av 1998, og blei tatt i bruk fullt ut i 1999. Grunna sterk auke i saksinngangen frå 1999 auka talet på årsverk noko, men har blitt redusert igjen i løpet av dei siste par åra då saksinngangen har gått ned igjen. Det totale talet på årsverk utgjer 63,6 pr. 1. mars 2013 når ein reknar med dei tre som arbeider deltid på pensjonistvilkår.

Trygderetten har no, forutan leiar, ein nestleiar og 25 andre faste rettsmedlemmer. I tillegg har den, pr. mars 2013, 14 rettsfullmektigar. Leiaren, nestleiaren og minst eitt anna medlem skal fylle vilkåra for å vera høgsterettsdommar. Rettsmedlemmene er embetsmenn, og blir i det daglege kalla trygderettsdommarar. Trygderetten har juridiske, medisinske og attføringskunnige rettsmedlemmer. Rettsfullmektigane svarar til dommarfullmektigane i dei ordinære domstolane.

Trygderetten utfører administrative oppgåver for to mindre nemnder, Statens helsepersonellnemnd og Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet.

### 3. Formål og hovudprioriteringar

Trygderetten skal treffe vedtak om individuelle rettar og plikter etter lov om folketrygd med fleire. Elles skal Trygderetten behandle dei sakene som etter særleg lovføresegn høyrer under Trygderetten, sjå lov om anke til Trygderetten av 16. desember 1966 nr 9.

Trygderetten er ikkje ein del av det alminnelege domstolsapparatet, men fungerer i realiteten som ein domstol. Mange av saksbehandlingsreglane er dei same som for vanleg rettargang. Til skilnad frå domstolane har det store fleirtalet av sakene i Trygderetten skriftleg saksbehandling.

Trygderetten kan ikkje bli instruert av noko anna organ om avgjerda i den einskilde sak. Domstolsbehandlinga av avgjerdene i Trygderetten skal skje ved lagmannsretten som fyrste instans. Det er sjeldan ei slik overprøving skjer. I dei seinare åra er det blitt tatt ut 50-70 søksmål for lagmannsrettane pr. år, der litt over halvparten kjem til realitetsbehandling. Trygderetten er i all hovudsak siste instans for saker etter pensjons- og trygdelovane. Dette er saker av stor velferdsmessig tyding for den einskilde. Trygderetten er derfor ein svært viktig institusjon i sosialpolitisk samanheng.

I Prp. 1 S (2011 -2012) er hovudmåla til Trygderetten skissert slik:

- Avseie orskurdar som er i samsvar med gjeldande lovar og reglar
- Behandle og avgjere sakene på ein slik måte at dei vilkåra som blir stilt til behandling i lov om anke til Trygderetten blir oppfylt
- Avseie orskurdar som er retningsgjevande for trygdeforvaltninga og andre rettsbrukarar innanfor trygde- og pensjonsrettens område, og å koordinere Trygderetten sin eigen praksis
- Avgjere sakene med ei forsvarleg saksbehandlingstid
- Behandle og avgjere sakene på ein slik måte at det gjev tillit både hjå den ankande part og ankemotparten
- Handtere ei forventet auke i saksinngangen utan auka saksbehandlingstid

I departementet sitt tildelingsbrev til Trygderetten blei satsingsområda beskrive slik:

- 90 % av sakene skal vera behandla innan seks månader
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal ikkje overstige fire månader
- Ingen saker skal vera eldre enn ni månader
- Talet på restansar skal ikkje overstige 900 saker
- Arbeidet med retningsgjevande orskurdar skal ha høg prioritet, minst fem saker skal setjast med fem rettsmedlemmer
- Det skal vera minst 70 % fullt grunngjevne orskurdar
- Munnleg saksbehandling (med frammøte av partane) blir vidareført
- Det skal setjast i verk tiltak for kvalitetssikring og praksiskoordinering, irekna utforming av orskurdar

Målsetjinga blir ytterlegare konkretisert i den interne verksemdsplanen. Årsmeldinga gjev ei vurdering av måloppnåing i forhold til departementet sitt krav, i tillegg til hovudmål og eit utval delmål frå verksemdsplanen.

**Rette avgjerder innan forsvarleg tid**

## 4. Saksutvikling i 2012


### 4.1 Mottatte og behandla saker

Etter ein førebels topp i saksinngangen i 2001 med over 6000 saker, og deretter eit jamt høgt nivå dei to neste åra, har saksinngangen gått betrakteleg ned; til 3857 i 2007 til 2746 i 2008 og heilt ned i 2329 i 2009. Deretter har saksinngangen auka; i 2010 til 2673 og i 2011 til 2738. I 2012 var det ein mindre nedgang til 2565 saker.

I dei første åra med nedgang var det hovudsakleg på uføreområdet. Frå å ha utgjort om lag 50 % av sakene i 2003 utgjør delen av uføresaker no berre om lag 10 %. Så å seie heile reduksjonen i saksmengda frå 2003 til 2006 skuldast reduksjonen i talet på uføresaker. Dette heng i hovudsak saman med at moglegheita til å klage *ei* gong i NAV før eventuell anke til Trygderetten, blei vesentleg utvida på uføreområdet i forbindelse med innføringa av tidsavgrensa uførestønad frå 1. januar 2004.

Nedgangen i talet på uføresaker har halde fram, med ein særleg sterk reduksjon frå 2011 til 2012.


Mottatte og behandla saker 2001-2012





Ved utgangen av året hadde Trygderetten 762 ubehandla saker, mot 946 ved utgangen av 2011 og 764 ved utgangen av 2010.


### Til behandling pr 31.12



Etter ei aukande saksbehandlingstid i byrjinga av dette tusenåret, gjekk snittet markert ned frå 2004 til 2006. I 2007 og 2008 gjekk behandlingstida opp, medan den i 2009 sank igjen. Snittet på behandlingstida blei redusert ytterlegare i 2010, til under 4 månader. I 2011 auka den litt, men var framleis under 4 månader. I 2012 var det også ei auke, og saksbehandlingstida enda i snitt på litt over 4 månader.

I 2012 blei drygt 83 % av sakene avgjorde innan seks månader, medan 55 saker blei over ni månader før dei blei avgjorde. Målet er at ingen saker skal bli over ni månader før dei blir avgjorde, men i nokon tilfelle er det forhold utanfor Trygderetten som hindrar dette.

### Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i månader, avgjorde saker



Trygderetten avsa 2753 orskurdar i 2012.


Trygderetten mottok til saman 2565 saker i 2012  
– ein reduksjon på omlag 170 frå 2011

Mottatte saker	2565
Behandla saker	2753
Ubehandla saker pr. 31.12	762

#### 4.2 Oversikt over sakstypar i 2012

Saker vedrørande uføreytingar utgjorde i 2012 knappe 10 % av den totale saksmengda, og er ikkje det største saksområdet lengre. Dette er vesentleg lågare enn for nokre år sidan då dette området utgjorde om lag 50 % av saksinngangen. Dei andre sakstypane sin relative del har følgjeleg auka dei siste åra.

Innkomne saker 2003-2012 fordelt på sakstype




Saker som gjeld yrkesskade/yrkessjukdom utgjør no den største gruppa med vel 10 % av totalen. Arbeidsavklaringspengar, som erstattar rehabiliteringspengar, ytingar under yrkesretta attføring og tidsavgrensa uførestønad frå 1. mars 2010, utgjorde også om lag 10 % av saksinngangen.

### 4.3 Avgjorde saker fordelt på fullt grunnngjevne orskurdar og orskurdar med forenkla grunnngjeving

Den primære oppgåva til Trygderetten er å treffe avgjerder i enkeltsaker. Men det er også eit mål å søke og trekke opp retningsliner for framtidig praksis.

Hovudregelen i lova er at Trygderetten sine orskurdar skal grunnngjevast. Dersom retten samrøystes finn at anka ikkje kan føra fram og ein kan rekna med at resultatet av orskurden ikkje får noko tyding utover den saka som ligg føre, var det inntil 1. januar 2004 heimel i lova for at retten kunne unnlate å gje grunnngjeving. Denne tilgangen er frå same dato oppheva og erstatta med tilgang til å bruke forenkla grunnngjeving. Dermed skal det gjevast ei grunnngjeving i alle saker, enten forenkla eller full grunnngjeving. Alle saker som blir avgjort til gunst for den ankande part, skal ha full grunnngjeving.

Delen av orskurdar med full grunnngjeving har auka jamt dei siste åra, og i 2012 hadde 76 % av orskurdane full grunnngjeving.




**Betydeleg auke i orskurdar med full grunnngjeving  
– frå 28 % i 2001 til 76 % i 2012.**

#### 4.4 Resultat av ankebehandlninga

Trygderetten si behandling av eit vedtak kan få tre utfall. Vedtaket kan stadfestast, eller omgjering; heilt eller for ein del av vedtaket. Det inneber at Trygderetten sjølv treffer realitetsvedtak i saka. Det tredje alternativet er at Trygderetten kan oppheve vedtaket og heimvise saka til ny behandling i vedkomande etat, såkalla heimsending. Det siste skjer i tilfelle der retten finn at saka ikkje er godt nok opplyst frå forvaltninga si side.

I om lag 75 % av sakene blir resultatet at vedtaket blir stadfesta. Denne delen har halde seg ganske konstant sidan tidleg 2000-tal, og det er heller ikkje store svingingar i forholdet mellom omgjering og oppheving dei siste åra.

Heil og delvis omgjering - oppheving



Variasjonane er store mellom dei ulike saksområda. I saker vedrørande uføreytingar låg omgjerings- og opphevingsdelen på høvesvis om lag 18 % og 12 % i 2012. Dette er om lag same nivå som året før. Gunstprosenten i uføresaker var ein del lågare tidleg på 2000-talet. Auka i gunstprosent skuldast truleg delvis innføringa av tidsavgrensa uførestønad frå 2004, som gjorde rettstilstanden litt meir ustabil. I tillegg har Trygderetten inntrykk av at nedgangen i talet på uføresaker som blir påanka, skuldast ei avskaling av dei enklaste og mest ukompliserte sakene. I yrkesskadesaker blei om lag 9,5 % av sakene omgjort, og om lag 12 % oppheva.

I 2012 blei 13,7 % av sakene heilt eller delvis omgjort. 10,5 % av sakene ble oppheva og heimsendt.

## 5. Måloppnåing i 2012

### 5.1 Kvalitetsmål

Sentrale kvalitetsmål i 2012 har vore knytt til:

- Delen av orskurdar med full grunngeving
- Å avseie retningsgjevande og prinsipielle orskurdar
- Kvalitetssikring og praksiskoordinering
- Uviklingsarbeid med omsyn til IT, mellom anna Trygderettens internett- og intranettsider
- Revisjon av saksbehandlingsmalane i Trygderetten

Frå 1. januar 2004 blei trygderettslova § 21 tredje ledd endra frå å kunne avseie orskurd utan grunngeving til å kunne avseie orskurd med forenkla grunngeving.

Delen orskurdar med full grunngeving har auka monaleg dei siste åra. I 2001 utgjorde delen orskurdar med full grunngeving 27,5 %. Dette auka til 40,7 % i 2003, vidare til nesten 50 % i 2004, og enda på 76 % i 2012. I dei resterande sakene blir det gjeve ei forenkla grunngeving. Alle som har hatt ein ankesak i Trygderetten får dermed ein grunngiven orskurd, dei fleste i form av fullstendig grunngeving, og dei resterande i form av forenkla grunngeving. Forenkla grunngeving blir bruka i ankesaker der retten er samrøystes om at anka ikkje vil føre fram, og der saka ikkje har konsekvensar utover den konkrete saka. Alle saker som blir omgjort til fordel for den ankande part har fullstendig grunngeving.

Trygderetten har i 2012 gjennomført mange tiltak for å utvikle kvaliteten og koordinere praksisen. Dette er ein kontinuerleg prosess som til ei viss grad må tilpassast saksinngangen. Følgjande tiltak har vore sentrale i 2012:

- Praksisnotat om arbeidsavklaringspengar
- Fagnotat om bruk av ulike former for orskurdar i Trygderetten
- Valt ut rettleiande orskurdar innanfor fleire nye område og komplettert innanfor "gamle" område
- Komplettert vår eigen orskurds- og domssamling med nye dommar og orskurdar
- Gjennomgang av dommar frå lagmannsrettane
- Praksis og praksiskoordinering har vore tema på faglege samlingar
- Tre utgåver av "Innblikk" er gjeve ut

Trygderetten har stadig fokus på ei mest mogleg optimal ressursfordeling avdelingane imellom. Det blir satsa på å ha ein god og oppdatert tilgang på relevante rettskjelder, mellom anna blir vår eigen doms- og orskurdssamling oppdatert med jamne mellomrom. Eit eige bibliotekutval syter for at samlinga av relevant faglitteratur blir halde mest mogleg oppdatert.

### Trygdesaker i dei alminnelege domstolar

Både partar kan få prøva Trygderetten si avgjerd i lagmannsretten viss dei ikkje er nøgde med resultatet i saka. Med få unntak er det berre den private part som bringar saka inn for lagmannsretten. Talet på saker som blei bringa inn for lagmannsretten auka markant i 2001 då

om lag 90 orskurdar frå Trygderetten blei påanka. Fram til og med 2005 auka talet litt, men har gått ned ein del dei siste åra. I 2012 har Trygderetten fått melding om at det er tatt ut stemning i 47 saker. Av dei sakene som blei bringa inn for lagmannsrettane, gjaldt om lag 30 % uføreytingar. Yrkesskadesakene utgjorde om lag 15 %.

I 2012 blei det avsagt 37 dommar i lagmannsrettane, der staten bli frifunnen i 25 saker. I 12 saker blei Trygderetten si avgjerd kjent ugyldig eller oppheva. Trygderetten er vidare kjent med at lagmannsrettane har avsagt 14 orskurdar i saker som tidlegare var avgjort i Trygderetten.

I 2012 blei 12 lagmannsrettsdommar som gjaldt prøving av Trygderetten sine avgjerdar anka til Høgsterett, og to av dei kom til behandling. I dom tatt inn i Rt. 2012 side 929, som omhandla spørsmål om godkjenning av yrkessjukdom, kom Høgsterett til at Trygderetten ikkje hadde rett forståing av vilkåret i folketrygdlova § 13-4 andre ledd om at sjukdomsbiletet må vera karakteristisk og i samsvar med det den aktuelle påverknaden kan framkalle. I dom tatt inn i Rt. 2012 side 1840 kom Høgsterett til at staten måtte frifinnast. Saka gjaldt omfanget av Trygderetten si utreiingsplikt etter trygderettslova § 15 i sak om uførepensjon.

Det kan vanskeleg lesast ut av avgjerdene frå domstolane at Trygderetten sine orskurdar ikkje held tilfredstillande kvalitet. Lagmannsrettane er i svært få saker ueinig i Trygderetten si lovforståing, men har i enkelte saker vurdert den konkrete rettsbruken annleis. Dette kan ha samanheng med at det for lagmannsretten er framlagt nye opplysningar, samt at lagmannsretten til dels har utvist eit litt meir liberalt skjønn.

## 5.2 Produksjonsmål

I 2012 var målet at

- den gjennomsnittlege saksbehandlingstida ikkje skal overstige fire månader
- 90 % av sakene skal avgjerast innan seks månader
- ingen saker skal bli over ni månader

Når vi ser alle saksområda under eitt, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2012 4,1 månader. Det er ein liten oppgang frå 2011, då tilsvarande tal viste 3,8 månader.

Målsetjinga om at 90 % av sakene skulle vera ferdig behandla innan seks månader blei ikkje heilt oppfylt. Talet for 2012 viser at 83,4 % av sakene blei avgjort innan seks månader.

Inntil 2008 var den absolutte yttergrensa for kor gamle sakene kunne bli, sett til 12 månader. Dette kravet er frå 2008 skjerpa til 9 månader. I alt 55 saker blei i 2012 avgjort etter utløpet av denne fristen, ei auke frå 25 saker i 2011.

Ein hovudprioritet i 2013 vil vera å syte for at saksavviklinga held tritt med saksinngangen.

### 5.3 Helse-, miljø- og sikkerheit og personalpolitikk elles

Målsetjinga i Trygderetten er å ha eit fagleg kompetent og motivert personale som får høve til å utvikle, og bygge opp eigen kompetanse. Det skal leggast vekt på helse, miljø og sikkerheitsarbeid.

Av sentrale aktivitetar i 2012 kan vi nemne følgjande:

- Ergonomisk kartlegging/tilrettelegging etter behov
- Vernerunde er gjennomført og følgd opp
- Trygderetten er ei IA-bedrift. Ny avtale med NAV Arbeidslivssenter blei inngått pr. 1.4.11 og varer ut 2013. Nye reglar for oppfølging av sjukemelde f.o.m. 1.7.11, mellom anna dialogmøte på eit tidligare stadium, blir følgd opp
- Alle tilsette kan, i arbeidstida, nytte trimrommet to gonger i veka ("utvida lunsj" - om lag ein time pr. gong). Instruktør er til stades
- Det har blitt halde kurs i førstehjelp
- Trygderetten har lokale som er tilrettelagt for funksjonshemma
- Alle tilsette er oppfordra til fagleg påfyll i form av kurs og seminarverksemd. Dei fleste avdelingane har arrangert internseminar i løpet av året og det er også gjennomført eit seminar for alle medarbeidarane i Trygderetten
- Møter med dei tillitsvalde og med arbeidsmiljøutvalet er halde etter fastsett møteplan

### 5.4 Informasjon

Målsetjinga til Trygderetten er å gje god, konsistent og tilstrekkeleg informasjon om Trygderetten si verksemd og avgjerder.

Om lag kvart kvartal gjev Trygderetten ut "Innblikk" – ei elektronisk avis på heimesida ([www.trygderetten.no](http://www.trygderetten.no)). "Innblikk" inneheld samandrag av orskurdar av ålmenn eller prinsipiell interesse. Advokatar, ankemotpartar, media og andre interesserte kan teikne gratis abonnement på "Innblikk", og få elektronisk varsel når det kjem nye utgåver. Interesse for dette tilbodet har vore stort.

Heimesida til Trygderetten er flittig besøkt. Ein viktig grunn til dette er truleg at det er mogleg å søke i anonymiserte orskurdar.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe til å vurdere utbetringar av heimesidene, mellom anna med omsyn til søkemoglegheitene. Nye/utbetra heimesider blir lansert i løpet av våren 2013.

**Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker avgjort i 2012  
var på 4,1 månader**

## 6. Likestilling

Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal bli behandla uavhengig av kjønn. Ved tilsetjingar blir det i stillingsutlysingar lagt vekt på å understreke at arbeidsstaben skal spegle folkesetnaden både når det gjeld kjønn og kulturelt mangfald. Kvinner blir oppfordra til å søke dersom det er under 40 % kvinner i den aktuelle stillingskategorien.

Innan dei ulike stillingskategoriane var det pr. 31.12.12, 68 % menn blant rettsmedlemmene og 32 % kvinner. Blant rettsfullmektigane er tendensen motsett; delen menn og kvinner er høvesvis 34 og 66 %. Blant det andre personalet (økonomi, personal, arkiv, IT, kontortjenester med vidare), er det 82 % kvinner og 18 % menn.

Lønsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane er det same for kvinner og menn og alle har same arbeidstid. Delen kvinner og menn som er tilsette på deltid er om lag det same.





## 7. Blikk på saksbunken

Trygderetten avsa 2753 orskurdar i 2012. Av desse var 2092 fullt grunnjevne. Vi har plukka ut og gjeve eit samandrag av ein del saker. Sakene er i hovudsak relatert til folketrygdlova (ftrl.). Hovudtyngda av avgjerdene i Trygderetten gjeld denne lova.

### Kapittel 4. Dagpenger under arbeidsløyse

**Kjennelse av 23. mars 2012. Ankesak nr. 11/02746. Ftrl. § 4-3. Dagpenger – reelle arbeidssøker. Ansett ikke å gjelde absolutt krav til å oppgi postadresse for å kunne ses på som reell arbeidssøker.**

I saken var det spørsmål om man må ha oppgitt sin postadresse for å regnes som reell arbeidssøker. Ftrl §§ 4-5 og 4-20. En kvinne hadde mottatt dagpenger en periode. Ved en feil krysset hun av feil på et meldekort, slik at hun automatisk ble deaktivert som arbeidssøker. Hun registrerte seg igjen umiddelbart og fremmet nytt krav om dagpenger. I den forbindelse opplyste hun at hun var kastet ut hjemmefra av sin mor, siden hun var blitt gravid. Hun bodde hos en venninne, og ville ikke oppgi postadressen. Hun oppga e-postadresse og telefonnummer. NAV mente hun måtte oppgi postadresse for å være reell arbeidssøker. Retten omgjorde, og viste til at det ikke er et krav etter loven om å oppgi sin postadresse for å være reell arbeidssøker. Etter sanksjonsbestemmelsen i § 4-20 kreves det kun at man må være tilgjengelig for innkalling og tilbud. Etter rettens syn var e-post og telefon tilstrekkelig.

### Kapittel 6. Grunnstønad og hjelpestønad

**Kjennelse av 13. januar 2012. Ankesak nr. 11/01485. Ftrl. § 6-3. Grunnstønad. Ekstrautgifter til fordyret kosthold – dokumentasjonskrav for cøliakidiagnose.**

Jente på 13 år hadde stått på glutenfri kost i flere år med merkbar bedring. NAV mente aktuelle diagnose- cøliaki - ikke var stilt i samsvar med gjeldende retningslinjer. Retten la til grunn at diagnostikk i form av langvarig provokasjon oppfulgt av biopsi var kontraindisert før jenta var ferdig utvokst. Hun hadde en cøliakiassosiert vevstype, og familieanamnesen indikerte cøliaki. Retten viste til at NAVs rundskriv var endret i november 2011 (etter at saken var oversendt retten). I følge rundskrivet er biopsi i en del tilfeller overflødig, idet det har vist seg at antistoffnivået mot vevstransglutaminase, sammenholdt med vevstype, i mange tilfeller gir meget sikker diagnostikk av cøliaki. Retten anså det som uavklart om slik diagnostikk kunne gi tilstrekkelig sikkert svar på om det forelå cøliaki i det aktuelle tilfellet. Vedtaket ble opphevet og saken hjemvist til ny behandling for vurdering av denne muligheten.

**Kjennelse av 8. juni 2012. Ankesak nr. 11/02011. Ftrl. § 6-3. Grunnstønad. Fordyret kosthold ved diett. "Familiær hyperkolesterolemi" (arvelig høyt kolestrol). Kosthold ved diagnosen utgjorde "diett". SIFOS standardbudsjett for forbruksutgifter ga relevant beregningsgrunnlag for ekstrautgifter.**

Vedkommende hadde fått avslag på sitt krav om grunnstønad til diett som følge av familiær hyperkolesterolemi, (FH). Anken førte ikke fram. Retten kom som klageinstansen til at søkeren ikke hadde dokumentert at hans FH førte til nødvendige ekstrautgifter til kosthold som minst svarte til grunnstønad sats 1. Retten uttalte videre at FH-kostholdet måtte regnes som en diett i folketrygdlovens forstand, og at det måtte regnes som en ekstra sunn variant av det kostholdet Helsedirektoratet anbefaler folk å spise. Videre uttalte retten at sammenligningsgrunnlaget, det grunnlaget som skal brukes når ekstrautgiftene til kost skal klarlegges, skal være lik

kostnadene ved det kostholdet SIFO opererer med når de årlig fastsetter sitt Standardbudsjett for forbruksutgifter. Endelig ble det uttalt at SIFOs rapport 09-2007 kan sies å dokumentere ekstraavgiftene ved FH-kostholdet for personer i alderen 18 til 30 år, men ellers ikke.

